

## PROSJEKTPLAN PR. 30.10.2007 - ”PROSJEKT AUTOADM”

### STYRKE KONKURRANSEEVNA TIL MINDRE BEDRIFTER ( 2 – ca. 10 TILSETTE) I OSTERFJORDREGIONEN, GJENNOM AUTOMATISERTE OG FORBETRA ADMINISTRASJONSSYSTEM.

BAKGRUNN	<p>I Osterfjordregionen er det eit stort innslag av mikrobedrifter med 2 - ca 10 tilsette. Me har slike bedrifter i mange bransjar og særleg innan <b>bygge- og anleggsbransjen</b> som er ein viktig bransje i regionen.</p> <p>Det er dei seinare åra kome på marknaden og teke i bruk både teknologi og programvare som automatiserar og lettar administrative rutinar i mindre bedrifter. Eit viktig hjelpemiddel her er <b>PDA</b>'en.</p> <p><b>PDA</b> står for <b>personleg digital assistent</b>. PDA er ein liten, bærbar datamaskin med eit raskt operativsystem. PDA'ar inneheld i dag ei rekke funksjonar i tillegg til møtekalender, adressebok og klokke. For eksempel kan dei ha meldingssystem for elektronisk post, navigasjonssystem og administrativ programvare. Ein kan bruke både USB2, bluetooth og trådløst nettverk for å kople PDA'en til datamaskinar.</p> <p>Det finst hovudsakleg 2 større norske leverandørar av administrativ programvare som kan nyttast på PDA'ane. De 2 leverandørane er ePocket Solutions og Devinco, med sine løysingar kalt Handyman og Speedycraft.. Dette er løysingar som er utvikla over mange år og i starten var dette hovudsakleg utvikla for å tilfredstillast behova hos elektrikarar og elektro-entreprenørar. I dag er dette vidare utvida og løysinga kan no dekke behova i mange fleire bransjar. Programvara vert nytta av handverkarar for føring av m.a. timar og varer, samt utlevering av oppdrag til feltarbeidarar. Begge løysingane er utvikla for Windows Mobile plattform.</p> <p>Leverandørane av administrativ programvare har så vidare utvikla <b>bransjeløysingar</b> der desse PDA løysingane inngår som viktige einingar. Dette er gjort ved å utvikle ”synkroniseringar” som gjer at PDA-løysingar automatisk overfører sine data frå/til administrativ programvare. Ute i felten har ein tilgang til aktuell informasjon, t.d. vareregistra til komponentleverandørane og kan fortløpande registrera informasjon (t.d. timeforbruk, vareforbruk, HMS-dokumentasjon) som blir overførte til bedrifta, eventuelt rekneskapsføraren, sine digitale administrative system utan trong for dobbeltregistrering.</p> <p>I tillegg til effektiviserande PDA løysingar har det i den seinare tid også kome krav til fleire og fleire bedrifter om å levere faktura elektronisk via ”e-faktura”. Det har i lengre tid eksistert løysingar for ”e-faktura” men desse alternativa har ofte vore svært komplekse og kostbare. Dette har derfor hovudsakleg berre vore tilgjengeleg for/mellom større bedrifter. Etter kvart som utviklinga går vidare ser me no at dette også vert kravd frå mindre og mindre bedrifter. Dei minste bedriftene treng ei løysning på dette for ikkje å kome i ein vanskelegare konkurransesituasjon når dei ikkje kan gjere bruk av denne nye teknologien.</p> <p>I Osterfjordregionen har me eit aktivt og kompetent fagmiljø innan utvikling og sal av IT-baserte administrative løysingar.</p> <p><b>Mosoft AS</b> med 16 tilsette i Modalen, Oslo og Litauen har satsa særskild på utvikling av timeregistreringssystem, bransje- og konsept-løysingar og eit publiseringstøyt for internett inkludert nettbutikk. Dei er i tillegg leverandør og forhandlar av dei andre modulane av programvara Uni Økonomi produsert av Uni Micro AS.</p>
----------	--

	<p><b>Uni Micro AS</b> med ca 40 tilsette i Modalen, Bergen og Haugesund tilbyr komplette administrasjons- og økonomisystem, også med bransjeløysingar, og er mellom dei større aktørane på den norske marknaden.</p> <p>Uni Micro AS har blant anna utvikla modulen Uni Contracting som er spesialtilpassa prosjektbedrifter. Modulen gir god kostnads- og materiellkontroll, forenkla dei administrative oppgåvene og ivaretek informasjonsflyten som oppstår i prosjekt. Med denne modulen vert alt frå inngåande faktura frå leverandør til utgåande faktura mot kunde behandla elektronisk.</p> <p>Osterfjord Nærings samarbeid ønskjer å <b>stimulere samhandling mellom dette IT-kunnskapsmiljøet i Modalen og lokale mindre bedrifter i Osterfjordregionen</b> for å utvikle IT-baserte administrative løysingar der også desse minste bedriftene kan gjere bruk av denne nye teknologien med m.a. bruk av PDA'ar og "e-faktura".</p> <p>Me ønskjer derfor å få utvikla ein del funksjonar slik at også lokale mindre bedrifter i Osterfjordregionen kan få styrkja sin konkurransesituasjon ved hjelp av teknologi. I tillegg til utvikling av teknologi ønskjer me også å trekkje inn ressurspersonar på økonomi/administrasjon slik at deltakarane i prosjektet også får gode råd og vink rundt korleis ny teknologi i praksis kan nyttast effektivt og løysamt. Dette må m.a. innebere:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>● Forenkla innlesing av prisfiler og varefiler.</li> <li>● Hente og importere standard eFaktura (e2b-format) frå mailkonto eller FTP serverar.</li> <li>● Produsera eFaktura i standardformat (e2b).</li> <li>● Levera eFaktura til mailkonto eller FTP server.</li> <li>● Bokføring etter kontoutskrift. Forenkla bokføring.</li> <li>● Dokumentmalar for kvalitetskontroll/kvalitetssikring og HMS.</li> </ul> <p>Med andre ord: <b>Gjera livet lettare for dei aller minste bedriftene.</b></p> <p>Då me i regionen har mange mindre firma innan <b>bygg- og anleggsbransjen</b> og desse er mellom dei med stor trong for å halde orden på ein stor informasjonsflyt, ønskjer me å gjennomføre eit utviklingsprosjekt for denne næringa i Osterfjordregionen.</p> <p>Me vil opprette ei <b>brukargruppe</b> på inntil <b>8 bedrifter</b>; 2-3 bedrifter frå kvar av kommunane Modalen, Osterøy og Vaksdal.</p> <p>Desse vert rekrutterte frå ei <b>referansegruppe</b> på inntil <b>20 bedrifter</b>. Bedriftene i brukargruppa vil delta aktivt både når det gjeld utarbeiding av kravspesifikasjonar og utprøving av dei løysingar som vert utvikla. Referansegruppa (inkludert brukargruppa) deltek ved 3 samlingar; oppstart, halvvegs og før fullføring av prosjektet.</p> <p>Når prosjektresultata er klare, vert <b>samtlege aktuelle mindre bedrifter i regionen</b> (også andre bransjar enn bygg og anlegg) inviterte til presentasjon av dei nye løysingane.</p>
MÅLSETTING	<p>Å stimulere til samhandling mellom lokale mindre bedrifter i Osterfjordregionen (2 – ca.10 tilsette) innan bygg- og anleggsbransjen (målgruppe) og IKT-kunnskapsmiljøet i Modalen, med sikte på å utvikle IKT-administrative løysingar som er spesialtilpassa desse bedriftene sitt behov for å kunne nytte ny teknologi med m.a. bruk av PDA`ar og "e-faktura", d.v.s. gjere livet administrativt lettare for dei aller minste bedriftene i Osterfjordregionen.</p>

RAMMER	<b>Budsjettramme Kr. 950.000.</b> Av dette kr. 500.000 i eigeninnsats frå deltakande bedrifter og IKT-kunnskapsmiljø og tilskot på kr. 450.000 frå Regionalt Næringsfond for Osterfjordregionen.
OMFANG – AVGRENSING	Utvikling av teknologi og programvare i høve målsetting (IKT). Referansegruppe på inntil 20 bedrifter frå Osterfjordregionen (RGR). Brukargruppe (prøving og tilbakemelding funksjonalitet) frå referansegruppa på inntil 8 bedrifter (BGR). Medverknad frå Høgskolen i Bergen (HiB) i samsvar med avtale om omfang med IKT-kunnskapsmiljøet i Modalen (IKT).
<b>ORGANISERING:</b>	
OPPDRAKSGJEVAR (OG)	Osterfjord Næringsamarbeid
B – EIGARAR	Osterfjordrådet
C – EIGARAR	
PROSJEKT-ANSVARLEG (PA)	Lars Mjøs, sekretær Osterfjord Næringsamarbeid – Industrikonsulenten på Osterøy
PROSJEKT-LEIAR (PL)	Svein Aksel Sellevold, dagleg leiar Vaksdal Næringssekskap AS
PROSJEKTGRUPPE (BRUKARGRUPPE)	Inntil 8 bedrifter frå referansegruppa vert invitert / oppnemnd
REFERANSEGRUPPE	Inntil 20 bedrifter frå målgruppa vert invitert / oppnemnd

UTKAST TIL AKTIVITETS- OG FRAMDRIFTSPLAN. (NB!! Skal drøftast med IKT)

Milepæler / Beslutningspunkt	AKTIVITET	FRIST	ANSVAR	UTFØRT
BP	Vedtak om oppstart av prosjektet	20.09.07	OG	20.09.07
	Avklare detaljert framdriftsplan knytt teknologi / programvare og evt. omfang / medverknad frå HiB med IKT-kunnskapsmiljø (IKT), samt om medverknadsbehov frå brukargruppe og referansegruppe er dekt.	31.10.07	PL	
	Rekruttering av referansegruppe (RGR) og brukargruppe (BGR). Medlemmar i Osterfjord Næringsamarbeid bidreg i rekrutteringsarbeidet frå respektive område.	23.11.07	PL	
MP	”Kick-off”- møte med impliserte partar, IKT-kompetansemiljø, referansegruppe/brukargruppe (RGR/BGR), evt. HiB, prosjektansvarleg (PA) og prosjektleiar (PL).	04.12.07	PL	
	Utvikling f. o. m. 20.09.07 til ”Kick-off”, samt prøving og vidare utvikling etter ”Kick-off”. (Evt. møter brukargruppe (BGR) – IKT – PL) IKT-kompetansemiljøet lagar eigen framdriftsplan for utviklings- og prøvingsarbeidet. Vedlegg til prosjektplan.		IKT BGR	

	Undervegs møte med impliserte partar (IKT – BGR – RGR – PA – PL – evt. HiB)	15.03.08	PL	
	Vidare utvikling og prøving (Evt. møter brukargruppe (BGR) – IKT – PL)		IKT BGR	
MP	Evalueringsmøte med impliserte partar (IKT – BGR – RGR – PA – PL – evt. HiB)	30.06.08	PL	
	Presentasjon av prosjektresultata / løysingane til alle interesserte mindre bedrifter i Osterfjordregionen (2 – ca. 10 tilsette). Teknologisk sluttrapport	31.08.08	PL	
BP	Godkjenning av sluttrapport / prosjektrekneskap etc.	30.09.08	OG	

#### RISIKOANALYSE:

KRITISKE FAKTORAR	TILTAK
Brukarane møter for mykje ”mostand” ved bruk av teknologien (lite funksjonell for brukarar).	Fokus frå utviklarar på enkle og oversiktlige prosessar, samt god kommunikasjon mellom utviklarar og brukarmiljø slik at brukar sine funksjonelle behov blir godt ivaretatt / løyst.
Manglande interesse / deltaking frå brukarmiljø i regionen.	

#### KRITISK SUKSESSFaktor:

**Manglande interesse / deltaking frå brukarmiljø i regionen.**

#### KOSTNADSANSLAG / FINANSIERING. (i 1.000 kr.)

	Kostnader	Finansiering
Prosjektleiing	100	
Systemutvikling - sluttrapport	350	
Fagsamlingar (møter) for brukar- og referansegrupper, sluttseminar	100	
Eigeninnsats IKT-kunnskapsmiljøet i Modalen		100
Eigeninnsats brukargruppe (8 x 50t à kr. 400.-)	160	160
Eigeninnsats øvrig referansegruppe (12 x 25t à kr. 400.-)	120	120
Utstyrskjøp hjå brukarane (eigenfinansiert) 8 x 15.000.-	120	120
Regionalt næringsfond for Osterfjord		450
<b>Sum</b>	<b>950</b>	<b>950</b>